Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1 | Fylke: S. Tröndelag.
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Oppdal.
Emne: Ard og plog. | Bygdelag:
Oppskr. av: Ola J. Rise | Gard:
(adresse): Mjöen, Oppdal p. å. | G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter ~~eiga~~ mest eiga røynsle. (71 år).

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja namna er brúka i formene: al og plog, båe med tjukk l.
2. Nei- ikkje no lenger. Og, så vidt ein no veit om, ikkje vore kögrt på kryss og tvers eller brúka til å mylde ned kornet med. Til nedmyldinga var det brúka andre reidskap.

For over 60 år sia såg eg t.d. ein husmann som hakka laus jorda på dei steinute åkerflekkene sine med eit grev og grov ned kornet med same grevet. Elles har det vore brúka ei "hark" (rive) eller og trekarv til å mylde ned kornet med, serleg i bratt lende for at minst mogleg av molda skulle förast nedover.

3. Same likna litt på Nr. 4. (Ei "jönnfjöl" som no ein dag fanst attmed ein bekk ikkje langt frå ei gamal gardtöft har kanskje vore på ein al eller ein gamal plog, jfr. riss vedlagt).

2110

2/

Drag-greione på ein al her var kanskje som på fig. 1—2—4, men eg har ingen til stadfesting.

5. Til al eller plog med ås var det vel helst nytta skoklar, „enkeltkrökj".

6. Skoklar til ein hest såg og ser ut slik på låg.



med ei „kroknór" (m.m.m.) slik som prikka til dobbelt- eller „tvikrökj".

7. Kanskje.

8. Some gamle ardar skal ha havt ei spiss veltefjöl frampå



Jfr. dei nye hestehakkor.

9. nei.

10. Ukjent.

11. „

12. Heimgjorte.

13. No mest fabrikkplogar. Men i sein tid har det vore brūka plogar med veltfør uttenkte og tilmåta i Oppdal. Ein bygdesmed, Sjur Sæteren laga ei veltefjöltype som skal ha vore teke opp og patentert av ein fabrikk, har det vore fortalt her. Same veltefjöltypen herifrå er visst förste klasses dagen i dag. Oppfinnaren fekk visst ikkje noko for sin del. Den gamle prisen på plogar kjenner ein ikkje til.

14. Ikkje kjent no i alle fall.

15. Ukjent med serskilt spade.

2110

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

som nemnt. Men det er gamal bygdesegn om at „når dem ha kjøurt føra te endes va skikkin den at kvinnfolka skull stånd foran me eit lite grav og pusså fjøln på treploga så ho kånn bli tør te nest føra".

16. Plogen var vanlegast velt ned med fjøla opp.

17. Ja. Berre kalla klamp eller kloss og var berre stutt, og sume tider var det påsett to slike klossar. Seinare nytta ei laus fjøl der plogen hektast på og flytt på marka attende.

18. Enten hadde ein høger og vinstre-plog sjøl, eller grannane hadde kvar sitt slag og lånbytte etter som lendet var til.

19. Visst nok ein 7–8 tomar eller meir. Ein slepesko av tre var sett fast med ein jønnklave og kunne stillast. Kallast moldfat.

20. Ja så vidt ein veit.

21. Nei (men eg tykkjer eg einang må ha set ein al så enkel som denne tinden fig 10 til å ripe opp fører til potetsetjing med).

22. Nei. Ein kunne ofte køyre slikt ambo til og frå åkeren på vanleg trestengsleede (møkk-slede t.d.) Ved lengre flytjing nytta ein vogn.

2110

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

23. Nei, ukjent for meg.

Ikkje namnet al=ås eller ard=ås her. Men „ilen" (grunnstykket) har havt namnet „alest", truleg med tydinga al=lest, ardfot."
Ordet al (med tjukk l som nemnt) er hankjønn her.

(Ein plog lik den nr. 5, men utan kniv, skal ha vore på Haugset her).

Namn:




(Eit vedlegg: Fjøl-riss.).

2110
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING




Plogfjøl (?) funnet attmed
ein bekk ved Nordmjøa, Oppdal.
1948. (Full storleik). Vekt: kring 2 kg. +

– Ola J. Rise.

2110
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING